

**Karmøy kommune**

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykker ref.:

**22/1553-7**

Dato: **29.09.2022**

Saksnr.: **2022/54389**

Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 22 bnr 81 - dispensasjon - garasje - Søre Ferkingstadveg 101 – søknad – fråsegn vedrørande kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad om oppføring av garasje på gnr 22 bnr 81 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndighet innanfor kulturminnevern.

Om lag 12 meter aust for den omsøkte garasjen ligg det eit automatisk freda kulturminne, gardsanlegg med ID 33958, som er freda i medhald av Kulturminnelova §4.

Det er viktig at ein held god avstand til kulturminnet og sikringssonen når ein gjer gravings-/byggearbeid (sjå vedlagt kart, det gule området er sikringssonen) og ikkje gjer nokon form for fysiske tiltak innanfor dette feltet. Og heller ikkje lagrar materiale, massar osv på og rundt dette kulturminnefeltet.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndighet har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Vi ønsker lukke til med arbeidet.

Helsing  
Leif Håvard L. Vikshåland  
fagleiar

Angunn Skeiseid  
rådgjevar

Vedlegg: flyfoto med freda kulturminne ID 33958 med sikringssone

Kopi til:

Statsforvaltaren i Rogaland

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*